



Bjørn Olav Tveit: - Fokuset på skulane må haldast oppe framover. (Foto: Kristian Hus)

Det er von om at utbetningsarbeidet på ungdomsskulen i Rosendal kan koma i gang over nyår, seier rådmann Trond Sætereng til Kvinnheringen.

Leiar for Undervisningsforbundet i Kvinnherad, uskedelingen Bjørn Olav Tveit, synest dette er positivt og minner om at fristen for kommunen til å få gjort noko med dei mest prekære problema er 15. februar. Det har rapporten frå miljøretta helsevern slege fast.

Kommunen er i gang med å utarbeida både kort- og langsiktige planar for rehabiliteringa og noko av det første som skal skje er fjerning av lysarmaturane som inneheld PCB innan 15. februar. Samstundes vil dei sjå på ventilasjonsanlegget.

Etter framlegg frå Venstre vedtok kommunestyret i det siste møtet før jul at rehabiliteringsarbeidet skal setjast i gang straks det er gjort vedtak om ny skulestruktur. Og innstillinga frå skulestrukturutvalet skal vera ferdig innan utgangen av februar. Deretter skal saka til politisk handsaming, noko som vil ta tid.

Bjørn Olav Tveit strekar under at det er mykje meir enn det heilt prekære som må rettast opp ved skulane i kommunen og difor må fokuset på denne oppgåva haldast oppe i tida som kjem.

På spørsmålet om det framleis er aktuelt å stengja ungdomsskulen etter dei strakstiltaka som kommunen no

lovar å få gjort, svarar Tveit at det er det verneombodet som avgjer etter å ha vurdert om det er forsvarleg å ha undervisning der.